

Sakspapir

Sakshandsamar	Arkiv	ArkivsakID
Svein Helge Hofslundsengen	FE-223	19/419

Saknr	Utval	Type	Dato
012/2019	Kraftfondsstyret	PS	10.09.2019
	Kommunestyret	PS	

Søknad om tilskot gjennom kraftfondet til Saga skog as v/Cato Lieske

Vedlegg:

Journalposttittel	Dato
Kraftfondet	13.06.2019
Driftsbudsjett 2019 vedlegg1.pdf	13.06.2019
Oppstartsplan vedlegg2.pdf	13.06.2019

Rådmannen sitt framlegg til vedtak:

Saga skog as v/Cato Lieske får eit tilskot gjennom kraftfondet til bedriftsutvikling med kr. 40.000

Saksopplysningar:

Bakgrunn

Det vert søkt om tilskot med kr. 150.000 gjennom kraftfondet til Saga skog as v/Cato Lieske

Høyring

Søkjar var invitert til kraftfondestyre og møte den 29.8 i samsvar med retningslinene til kraftfondet § 6.c., men hadde ikkje høve å stille.

Fakta

Viser til søknad og saksvedlegg

Støtten skal gå til oppstart og marknadsføring av Saga skog, med totale kostnader på 340.000, og av dette vert det søkt om tilskot med kr. 150.000 gjennom kraftfondet

Oppfølging av søkjar kring «Kan du spesifisere nærare kva som ligg i sum totale kostnader for **prosjektet med kr. 340.000**», Vær obs på at kraftfondet berre kan gje tilskot til investering i varige driftsmidlar, ikkje til ordinær drift. Støtte til marknadsføring og oppstart – **bedriftsutvikling har ei øvre ramme på kr. 40.000**

Vurdering

Normalt går kraftfondet inn med inntil 25% av investeringsføremål og ingen støtte til drift. Hadde søknadsføremål vore investering i utstyr, maskiner og bygning ville søknaden gitt inntil kr. 85.000,- i støtte frå kraftfondet. Her er stor del av søknadsføremålet oridnære driftspostar.

Med den framlagde dokumentasjon i søknad og tilleggsdokumentasjon, så landar ein på å tilby søkjar støtte gjennom ordninga med støtte til bedriftsutvikling, så kan ein heller evt. komme attende seinare med konkrete søknader kring investeringsføremål i selskapet.

Konklusjon

Saga skog as v/Cato Lieske får støtte gjennom kraftfondet til bedriftsutvikling med kr. 40.000

Kraftfondsstyret - 012/2019

KRFT - behandling:

Saka vart drøfta.

Framlegg til vedtak vart samrøystes vedteke.

KRFT - vedtak:

Saga skog as v/Cato Lieske får eit tilskot gjennom kraftfondet til bedriftsutvikling med kr. 40.000